



## Ruteendringar i Sunnfjord

Frå måndag 24. juni gjer vi endringar på ein laurdagsavgang mellom Florø og Førde, samt på ein laurdagsavgang mellom Svelgen og Florø. Justeringane er gjort for å sikre betre korrespondanse med ekspressbåt, lokalbåtar og buss.

I tillegg vert to avgangar mellom Florø og Førde gjort om frå vinterrute til heilårsrute.

Vi gjer desse endringane:

### Svelgen-Florø – ny rutetid:

- Laurdagar: Avgang frå Svelgen kl. 08.30 – ankomst Florø kl. 09.40.  
**Endra til:** Avgang frå Svelgen kl. 08.10 – ankomst Florø kl. 09.20. Korrespondanse med buss til Førde frå Grov kl. 09.00.

### Florø-Førde – ny rutetid:

- Laurdagar: Avgang frå Florø rb.st. kl. 09.25 – Førde kl. 10.30 – ankomst Førde sentralsjukehus kl. 10.35.  
**Endra til:** Frå Florø kai kl. 08.35 - Florø rb.st. kl. 08.40 – Førde rb.st. kl. 09.45 – ankomst Førde sentralsjukehus kl. 09.50. Endringa gir betre korrespondanse med ekspressbåt og lokalbåtar.

### Florø-Førde-Florø – heilårsrute:

- DX67: Avgang frå Florø kai kl. 08.35 - Florø rutebilstasjon kl. 08.40 – Førde rutebilstasjon. kl. 09.45 – ankomst Førde sentralsjukehus kl. 09.50 – **Avgangen vil frå 24. juni gå heile året.**
- DX67: Avgang frå Førde kl. 15.10 – ankomst Florø rutebilstasjon kl. 16.15. – **Avgangen vil frå 24. juni gå heile året.**

Rutesøk og rutetabellar er oppdaterte med endringane.

Dersom det er mogleg, set vi pris på om de kan dele informasjonen i eigne kanalar.

Med helsing

Anna Kristine Gytri

Arvid Ryland

rådgjevar

ruteplanleggar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar (ar)

Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN

Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ

Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE

Pasientreiser Hf Avd Førde Postboks 1000 6807 FØRDE